

Innst. S. nr. 34

(2001-2002)

Innstilling frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om sikring av museumsbanen ved Norsk Bergverksmuseum

St.prp. nr. 5 (2001-2002)

Til Stortinget

SAMANDRAG

Kongsberg Sølvverk blei oppretta av Christian IV som kongeleg sølvverk i 1624. I dag er Sølvverket landets største museale gruveanlegg. Det underjordiske gruvesystemet blir trafikkert av eit gruvetog. I underkant av 40 000 personar besøker kvart år gruvene med gruvetog.

Kongsberg Sølvverk blir eigd av Staten og blei av Riksantikvaren mellombels freda etter kulturminnelova i 1992. Forvaltninga av kulturminnet er delegert til Norsk Bergverksmuseum.

På grunnlag av ettersyn la Kongsberg brann- og redningstjeneste i januar 2001 fram ein brannteknisk erfaringsrapport som slo fast at brannrisikoen i samband med baneanlegget er svært høg. Også eit konsulentfirma engasjert av Norsk museumsutvikling (NMU) konkluderte med at personrisikoen var svært høg.

NMU la medio september 2001 fram eit forslag til sikring av gruvebanen som oppfyller krava til tryggleik. Forslaget har ei kostnadsramme på 18 mill. kroner, og omfattar innkjøp av lokomotiv og ombygging av vogner. Ei snarleg gjenopning av museumsbanen er sterkt ønskeleg av fleire grunnar.

Norsk Bergverksmuseum får ansvaret for å gjennomføre nødvendige sikrings- og utbetningsarbeid. Ein tek sikte på å opne banen sommarsesongen 2002. For ikkje å miste tid, vil det vere nødvendig å stille midlar til vidare prosjektering av transportløysinga og nødvendige sikringstiltak til disposisjon for museet alleireie i 2001. Nye lokomotiv har ca. eit halvt års leveringstid. Dersom ein skal ta gruvebanen i bruk sommarsesongen 2002, må desse tingast i 2001.

Dei nødvendige sikringstiltaka for å gjenopne gruvebanen på Kongsberg er kalkulert til 18 mill. kroner. Regjeringa foreslår at det blir løyvd 6 mill. kroner på inneverande års budsjett, og at det blir gjeve ein til-

segnfullmakt på 12 mill. kroner til vidare gjennomføring av sikringsprosjektet.

Etter at prosjekteringa er fullført vil det bli fremja ein ny proposisjon for Stortinget så tidleg som mogleg i 2002.

MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Eirin Faldet, Trond Giske og Torny Pedersen, fra Høyre, Afshan Rafiq, lederen Sonja Irene Sjøli og Olemic Thommessen, fra Fremskrittspartiet, Ulf Erik Knudsen og Karin S. Woldseth, fra Sosialistisk Venstreparti, Magnar Lund Berge og May Hansen, fra Kristelig Folkeparti, Dagrun Eriksen og Ola T. Lånke, og fra Senterpartiet, Eli Sollied Øveraas, viser til at Sølvverket på Kongsberg er landets største museale gruveanlegg og har en sentral plass i norsk historie. Kongsberg Sølvverk blir eid av staten og er midlertidig fredet etter kulturminneloven i 1992. Gruvesystemet blir trafikkert av et gruvetog. Ved ettersyn og kontroll av Kongsberg brann- og redningstjeneste i januar 2001 konkluderte man med at brannrisikoen i forbindelse med anlegget var svært høy. Dette ble senere bekreftet i en konsulentrapport fra Interconsult utarbeidet på oppdrag fra Norsk museumsutvikling.

Norsk museumsutvikling la medio september fram forslag til sikring av banen. Forslaget har en kostnadsramme på 18 mill. kroner, og omfattar innkjøp av lokomotiv og ombygging av vogner.

Komiteen mener at en snarlig gjenåpning av museumsbanen er viktig, både av hensyn til museets drift, ringvirkningene for lokalsamfunn og hensyn til

bevaring av banen og museet som et viktig kulturminne.

Komiteen mener det må tas sikte på å åpne banen til sommersesongen 2002. Komiteen mener Norsk Bergverksmuseum får ansvaret for å gjennomføre nødvendig sikrings- og utredningsarbeid. Nye lokomotiv

har rundt et halvt års leveringstid og en gjenåpning sommeren 2002 forutsetter bestilling i 2001.

Komiteen foreslår at det blir bevilget 6 mill. kroner på inneværende års budsjett, og at det blir gitt en tilsagnsfullmakt på inntil 12 mill. kroner utover bevilgningen i 2001 til videre gjennomføring av sikringsprosjektet.

TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2001 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
328		Museums- og andre kulturformål	
	70	Nasjonale institusjoner blir auk a med frå kr 145 560 000 til kr 151 560 000	<u>6 000 000</u>

II

Stortinget samtykkjer i at det i 2001 blir gjeve tilsegn om tilskot til Norsk Bergverksmuseum på inntil 12 mill. kroner utover løyvinga i 2001 under kap. 328 post 70 til vidare gjennomføring av sikringsprosjektet.

Oslo, i familie-, kultur- og administrasjonskomiteen, den 29. november 2001

Sonja Irene Sjøli
leiar

Magnar Lund Bergo
ordførar

Trond Giske
sekretær